



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

*Kommunal- og distriktsministeren*

Statsforvalteren i Trøndelag  
Postboks 2600  
7734 STEINKJER

Dykkar ref  
2018/17151

Vår ref  
23/270-11

Dato  
18. oktober 2024

## **Midtre Gauldal kommune - Motsegn til detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II**

Kommunal- og distriktsdepartementet godkjenner detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II med endringer. Endringane inneber at forslaget om å legge til rette for 17 nye tomter i hyttefeltet ikkje vert godkjend. Vidare blir maksimalt tillate bygd areal på dei attverande tomtene redusert til 120 m<sup>2</sup> BYA, for å unngå hytter med tilnærma bustadstandard. Kunnskapen om villreinens sårbarheit knytt til fritidsbustader og ferdsel gjer at det må leggjast avgjerande vekt på omsynet til dei nasjonale villreininteressene i denne saka. Ei utviding av talet på fritidsbustader vil vere i strid med retningslinjene for randsona i regional plan for Forollhogna villreinområde 2013-2025 og med dei særskilde retningslinjene for Mellomriksen. Departementet vil òg oppmode Midtre Gauldal kommune til å gjennomføre ein prosess med sikte på å ta ut av planen dei 27 attverande tomtene som ennå ikkje er bygd ut, i tråd med dei særskilde retningslinjene for området. Gammelvollia hyttefelt II ligger svært nær kalvingsområde og heilårsbeite, og er det einaste området med betydeleg omfang av ubygde tomter innanfor denne randsona. Meir utbygging og auka menneskeleg aktivitet vil kunne føre til vesentlege ulemper for villreinen og svekke sjansane for ei vidare god overleving og utvikling i Forollhogna villreinområde.

### **Bakgrunn**

Detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II i Midtre Gauldal kommune er send til departementet frå Statsforvaltaren i Trøndelag i brev av 10. januar 2023, på grunn av ei uløyst motsegn frå statsforvaltaren. Departementet avgjer etter plan- og bygningslova § 12-13 andre ledd om motsegna skal takast til følgje.

Statsforvaltaren i Trøndelag har fremja motsegn til i alt tre reguleringsplanar for hyttebygging i Midtre Gauldal, som alle ligg i randsona til Forollhogna villreinområde. Dei to andre er Brudal hyttefelt II og Hundåslåtten hyttefelt. Med omsyn til naturmangfaldlova sitt prinsipp om samla belastning må dei tre planane ses i samheng. Vedtaksbrevet her omfattar berre detaljreguleringa for Gammelvollia hyttefelt II, plan-ID 2018007.

Reguleringsplanen for Gammelvollia hyttefelt II gjeld endring av to planar. Den eine er utbyggingsplan for Kjønnås hytteområde frå 1987 som utgjer den nordvestre delen av området, og den andre er reguleringsplan for Gammelvollia frå 2009. Sistnemnde omfatta deler av planen for Kjønnås, men utvida planområdet betydeleg mot aust og sør. Ny plan utvidar planområdet ytterlegare mot aust og sørvest. Planområdet ligg i Budalen ved Mellomriksen. Størrelse på planområdet er ikkje oppgitt i planomtalen, men er i ROS-analysen oppgitt til ca. 770 daa. Dei to gjeldande planane omfatta 62 tomter innanfor planområdet til Gammelvollia hyttefelt II. Nytt planforslag legger opp til ytterlegare 17 tomter, samt flytting av nokre av dei opphavelige tomtene og endring av vegtrasé. Samla gjev det 79 tomter, kor av 35 er bygd ut.

Regional plan for Forollhogna villreinområde 2013-2025 er utarbeidd av Hedmark fylkeskommune og Sør-Trøndelag fylkeskommune på oppdrag frå Miljøverndepartementet gjennom bestillingsbrev av 12. april 2007. Planen blei vedteken av fylkestinga i 2013. Planen omfattar kommunane Rennebu, Midtre Gauldal, Holtålen, Røros, Os, Tolga og Tynset. Forollhogna er eit av 10 villreinområde i Noreg som har status som nasjonalt villreinområde. Heile planområdet for Gammelvollia hyttefelt II ligg i Sone 2 – randområde i den regionale planen, og innanfor det særskilde delområdet «Mellomriksen».

Dei overordna retningslinjene til sone 2 i den regionale planen legg til grunn at i randområda til nasjonalt villreinområde vil utbygging, ferdsel og annan aktivitet kunne påverke villreinens leveområde negativt. Retningslinjene fastset difor at det ikkje skal tillast nye hyttefelt, utviding eller fortetting av eksisterande hyttefelt ut over det som er godkjent i plan. Det er gitt eigne presiseringar for nokre randområde. For området «Mellomriksen» i Midtre Gauldal seier dei særskilde retningslinjene at dette er eit område som ligg i direkte nærleik til kalvingsområde, heilårsbeite og trekkområder for villrein, og det må difor takast særleg omsyn til villreinen i dette området. Kommunen må gjennom kommuneplanrullering og ved regulering vurdere å ta ut/ redusere område og talet på hytter som er regulert eller avsett i kommuneplan til fritidsbustader som påverkar viktige leveområde for villrein. Det skal ikkje leggjast opp til fleire hytter i Mellomriksen-området.

Da arbeidet med detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II starta i september 2018, var det kommuneplanens arealdel for Midtre Gauldal frå 2010 som var gjeldande. I denne var utbyggingsplanen for Kjønnås hytteområde vist som «fritidsbusetnad - nåverande». medan den då nyleg vedtekte reguleringsplanen for Gammelvollia hyttefelt I var vist som «fritidsbusetnad - framtidig» for å synleggjere at området var nytt frå førre arealdel.

Kommunen varsla oppstart av revisjon av kommuneplanens arealdel i mars 2019. Kommunestyret vedtok i mai 2020 å utsette vidare handsaming av reguleringsplanen og utviding av talet på hytter. Dette vart gjort ut frå ei tilråding frå utvalet for næring, plan og

miljø om at spørsmålet om hytter i randsona skulle takast opp og avklarast som ein del av kommuneplanens arealdel. Kommunen hadde etter dette tre dialogmøte med Statsforvaltaren i Trøndelag. Siktemålet var å oppnå ei betre gjensidig forståing for arealbruken innanfor Forollhogna villreinområde. Kommunen fann etter dialogmøta at det var utfordrande å oppnå eit felles grunnlag for kommunen sine avvegingar av ulike omsyn i villreinområdet. I juni 2021 vedtok difor kommunen å ta opp igjen arbeidet med dei tre reguleringsplanane og oppmoda om mekling i saka.

Midtre Gauldal kommune vedtok kommuneplanens arealdel 2019-2031 i møte den 31. august 2023, altså etter at dei tre aktuelle reguleringsplanane vart send til departementet for avgjerd. I arealdelen til kommuneplanen har kommunen i hovudsak følgd opp den regionale planen for Forollhogna villreinområde i samsvar med retningslinjene. Det er gjort unntak for dei tre planområda Gammelvollia II, Brudal II og Hundåslåtten som no er til handsaming i departementet. Dei tre områda er vist som omsynssone med bandlegging etter plan- og bygningslova (H710). I planføresegna er det gjeve at; *«H710\_1-5 er reguleringsplaner som ikke er endelig vedtatt, disse områdene skal endres til sone der gjeldene reguleringsplan skal gjelde uendret når planene er vedtatt. Legges inn som båndleggingssone for at pågående regulering ikke skal komme i konflikt med overordna plan.»*

Kommunen har i ny arealdel til kommuneplanen 2019-2031 for Mellomriksen-området tatt ut ein ikkje gjennomført reguleringsplan og alle områder for LNFR spreidd fritidsbustnad. Videre er ein reguleringsplan tatt ut og berre dei allereie utbygde tomtene tatt med enkeltvis med arealformål fritidsbustnad. Det medfører at detaljreguleringa for Gammelvollia hyttefelt II, om han vert godkjent med dei 17 nye tomtene, vil utgjere 44 av totalt 47 ikkje utbygde tomter i Mellomriksen-området.

Det er i ny kommuneplan gitt følgjande generelle ramme i planføresegnene for å restaurere/ utvide eksisterande fritidsbustader i randområdet til villreinområdet: *«Fritidsbolig: maksimum samla størrelse settes til 75 m<sup>2</sup> BYA, fordelt på inntil 3 bygg; hovedbygg, anneks og uthus.»* Dette er vesentleg lågare enn for dei tre reguleringsplanane som var send til handsaming i departementet. For Gammelvollia hyttefelt II er den maksimale samla storleiken både for nye og eksisterande tomter 250 m<sup>2</sup> BYA. Tillatne samla BYA for sjølve hytta er ikkje talfesta og størrelsen for "oppstugu" er gitt som maksimalt 35 % av grunnflate (BYA) til hytta. Det kan tolkast til at kvar hytte kan ha ei grunnflate på maksimalt 170 m<sup>2</sup> BYA og ei andre etasje på nær 60 m<sup>2</sup>. Samstundes er føresegnene ikkje eintydig på om hytta kan verte større enn desse ca. 230 m<sup>2</sup> om anneks og uthus/ garasje gjerast mindre enn 80 m<sup>2</sup> BYA.

**Statsforvaltaren i Trøndelag** fremja motsegn i brev 28. februar 2020 til nye tomter utover det talet som allereie er godkjent i gjeldande reguleringsplan frå 2009. Det vart og gjeve ei fagleg tilråding om å ta ut dei tomtene i gjeldande reguleringsplan som ikkje er bygd ut. Motsegna var grunngeve i omsyn til villrein og manglande samsvar med føresetnadene i regional plan for Forollhogna villreinområde 2013-2025, og viser til rundskriv T-2/16 Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet punkt 3.6 Naturmangfald.

I brevet vert det og peikt på at om det skal gjerast ei nærare vurdering rundt påverknadene, så bør dette gå frem av ein egen rapport, som ei konsekvensutgreiing, og ikkje som ein

risiko- og sårbarheitsanalyse. Konkret vart det tilrådd at dette gjerast for dei nye hyttene, skispor og myrområda som ikkje er kartlagt ved tidlegare regulering av området.

**Mekling** vart gjennomført 16. august 2022, utan at partane kom til ei løysing.

**Midtre Gauldal kommune** ved kommunestyret vedtok i møte 1. desember 2022 detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II, plan-ID 2018007 med rettsverknad for dei delane det ikkje er motsegn mot, og planen vart sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet til endeleg avgjerd. Av saksframlegget kjem det fram at kommunen meiner det ikkje er krav om konsekvensutgreiing av di dette er ei reguleringsendring av ein eksisterande reguleringsplan frå 2009, og at planen er i tråd med kommuneplanens arealdel.

I slutthandsaminga peika kommunen på at både i denne saka og i svært mange andre saker og planer som gjeld villrein, har statens forvaltningspraksis i plan- og dispensasjonssaker blitt strengare dei siste åra. Dette står opp mot kommunens oppfatning av status for regional plan og handlingsrommet i randsona. I dette tilfellet meiner dei at kommuneplanens arealdel frå 2010 har forrang framfor regional plan for villrein, som er rettleiande. Kommunen opplever òg målkonflikt med andre faglege og politiske signaler om bruk av natur, opplevingar og folkehelse i Forollhogna, samt dei generelle råda om fortetting av eksisterande byggjeområde framfor nye osv.

Midtre Gauldal kommune ynskjer å bidra med ei god forvaltning av villreinen i Forollhogna. Kommunen aksepterer òg at utbygging, ferdsel og annan aktivitet i randsona vil kunne påverke villreinens leveområde negativt, men meiner at dei tre planane som er sendt til departementet for avgjerd, er døme på ansvarleg forvaltning.

**Statsforvaltaren i Trøndelag** tilrår i oversendingsbrev 10. januar 2023 å ta motsegna til følgje. Statsforvaltaren peiker på at det vil være uheldig å tillate ei fortetting med 17 nye tomter innanfor planen. Sett i samanheng med reguleringsplan for Brudal hyttefelt II, vil den auka aktiviteten innanfor randsona være betydeleg. Villrein er ein sensitiv art som vil kunne bli fortrent ved auka menneskeleg aktivitet i området. Det er skjerpande at området ligg i direkte nærleik til kalvingsområde og heilårsbeite for villreinen, og at planen er i strid med dei særskilde retningslinjene for Mellomriksen.

Statsforvaltaren peikar på at den gjeldande planen opnar for betydeleg utbygging i tillegg til dei 17 nye tomtene. Kommunen bør difor nytte revisjonen av kommuneplanen til å følgje opp Regional plan for Forollhogna og vurdere om talet på tomter skal reduserast.

**Møte og synfaring** blei gjennomført 27. mars 2023 med representantar frå Midtre Gauldal kommune, Statsforvaltaren i Trøndelag, Miljødirektoratet, Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. Fleire grunneigarar var òg til stade.

**Klima- og miljødepartementet** tilrår i brev av 28. juni 2023 at motsegna frå statsforvaltaren blir tatt til følgje. Departementet meiner planforslaget vil kunne få vesentlege negative verknader for villrein og dermed vere i strid med nasjonale miljøinteresser. Gammelvollia hyttefelt II ligg i direkte nærleik til kalvingsområde, heilårsbeite og trekkområde for villrein. Eit auka tall på hytter i dette området inneber vesentlege ulemper for villreinen og svekker

sjansane for overleving og god utvikling i Forollhogna villreinområde. Klima- og miljødepartementet støttar difor motsegna frå Statsforvaltaren i Trøndelag i at reguleringsplanen ikkje bør utvidast og godkjennast med 17 nye hyttetomter. Dette er òg i tråd med dei overordna retningslinjene i den regionale planen for Forollhogna villreinområde, som seier at det ikkje skal tillatast nye hyttefelt, utviding eller fortetting av eksisterande hyttefelt ut over det som er godkjent i plan.

Av omsyn til villrein meiner Klima- og miljødepartementet at òg dei hyttetomtene som til nå ikkje er bygd ut bør takast ut av reguleringsplanen. Departementet viser til at retningslinjene for den regionale planen for Forollhogna seier at ein skal vurdere å redusere talet på hytter i eksisterande reguleringsplanar.

Klima- og miljødepartementet framhevar at om ein skal sikre god overleving for villreinen i Forollhogna villreinområde, som er eitt av ti nasjonale villreinområde, krev det at det viktige kalvingsområdet som ligg nær hytteområdet blir skjerma mot inngrep og forstyringar slik at situasjonen for villreinen kan forbetra seg og ikkje forverrast. Det vert òg vist til den faglege klassifiseringa som vart gjort av Forollhogna villreinområde etter kvalitetsnorma, som viser at utviklinga for villreinen i Forollhogna villreinområde har ein viss negativ tendens, sjølv om området vart klassifisert til å ha middels kvalitet. Videre vert det vist til at målet for kvalitetsnorma for villrein er at minimum middels kvalitet for det enkelte villreinområdet skal haldast ved lag eller bli nådd snarast mogleg. På lengre sikt er det eit mål at alle dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet.

### **Kommunal- og distriktsdepartementet si vurdering**

Kommunal- og distriktsdepartementet skal etter plan- og bygningslova § 12-13 andre ledd avgjere om motsegna til reguleringsplanen skal takast til følgje, eller om kommunen sitt vedtak skal godkjennast. Departementet skal i denne saka ta stilling til om detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II kan bli godkjent i samsvar med vedtaket i Midtre Gauldal kommune, eller om verknadene for villreinen er så store at motsegna frå Statsforvaltaren i Trøndelag må bli tatt til følgje. Departementet kan gjere naudsynte endringar i planen.

Villreinen er ein ansvarsart for Noreg og har stor nasjonal forvaltningsinteresse. Den regionale planen for Forollhogna villreinområde 2013-2025 med retningslinjer blei utarbeidd gjennom ein omfattande prosess. Det ligg føre eit svært godt kunnskapsgrunnlag, og den regionale planen gjev rammar for vidare planlegging og utvikling i og omkring Forollhogna villreinområde, med føremål om å ivareta villreinen på best mogleg måte. Viss planen ikkje blir følgt opp i kommunale planar, gjev det grunnlag for å fremje motsegn. Klima- og miljødepartementet viser til at etter 2013 har situasjonen for villreinen nasjonalt forverra seg. I Forollhogna villreinområde er villreinen satt under press frå utbygging og ferdsel.

Kommunal- og distriktsdepartementet har vurdert kommunens argument om at kommuneplanens arealdel 2010 har forrang for den regionale planen frå 2013, men finn ikkje at det er relevant i denne saka. Kommuneplanens arealdel 2010 fastsett berre at planområdet har arealformål fritidsbustader i samsvar med planane frå 1987 og 2009. Den seier ikkje noko om ytterlegare fortetting, endra eller utvida bruk av området. Når ein fremjar forslag til

endring av ein vedteken reguleringsplan, gjeld dei same reglane som for ei ny plan. Arbeidet må då følgje dei rammene som ligg føre i vedtekne regionale planar og nasjonale retningslinjer.

Regional plan for Forollhogna villreinområde 2013-2025 skal følgast opp ved revisjon av kommunale planar. I paragraf 1 d) i den regionale planen vert det lagt til grunn at godkjente byggeområder og hyttetomter i kommuneplanens arealdel og godkjente reguleringsplanar som ikkje er realisert, skal vurderast på nytt ved revidering av kommuneplanens arealdel. Departementet legg til grunn at om kommunen ikkje har ein oppdatert arealdel vil ein måtte gjere dei naudsynte vurderingane kring oppfølging av den regionale planen i arbeidet med reguleringsplanen.

Den regionale planen for Forollhogna villreinområde har særskilt merksemd på området Mellomriksen, som reguleringsplanen ligg innanfor. Den regionale planen har retningslinjer om at det ikkje bør tillast fleire hytter i dette området, av omsyn til eit viktig kalvingsområde for villreinen. Retningslinjene fastset òg at kommunen gjennom rullering av kommuneplan og ved regulering må vurdere å ta ut eller redusere områda og talet på hytter som er regulert eller satt av i kommuneplan til fritidsbusetnad, og som verker inn på viktige leveområde for villrein. Ved oppstart av planarbeidet fekk kommunen råd frå statsforvaltaren og Villreinemnda for Forollhogna om ikkje å gå vidare med planen utifrå at det av omsyn til villreinen i Forollhogna ikkje bør opnast for fortetting med fleire hytter i randområda i strid med retningslinjene i regional plan.

Det har i saka vore argumentert for at ferdsel frå hytteområde er enklare å styre enn ferdsel på merka stiar frå ålmenta og turistar. Miljødirektoratet skriv i si tilråding til Klima- og miljødepartementet at fritidsbusetnader gjev potensiale for ein langvarig og gjentatt påverknad som er vanskelegare å reversere samanlikna med det å regulere ferdsel som ikkje har ein fritidsbustad som utgangspunkt. Kommunal- og distriktsdepartementet finn difor ikkje at det er grunnlag for å hevde at gjennomføring av andre tiltak for å redusere ferdsel, er eit argument for å tillate nye fritidsbustader i eit sårbart område som dette. Viss ein på lengre sikt skal nå målet i kvalitetsnorma for villrein om at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet, er det er mest sannsynleg naudsynt både å unngå å byggje nye hytter nær viktige leveområde for villreinen, og å regulere ferdsel på eksisterande stiar.

Ei oversikt i den nyleg vedtekne kommuneplanen synar at Midtre Gauldal kommune hadde om lag 330 ledige ferdig regulerte hyttetomter i 2019. I tillegg har kommunen store område avsett for LNF-spreidd fritidsbusetnad med plass til 100-200 nye hytter. Over ein periode på 15-20 år har det i snitt blitt bygd om lag 20 fritidsbustader i året. Kommunen har dermed ei tomtreserve som dekker betydeleg meir enn behovet i åra framover. Det er òg fleire andre område utanfor randsona til Forollhogna villreinområde der det er lagt til rette for fritidsbustader, og som heller bør byggast ut. I den nyleg vedtekne arealdelen til kommuneplanen har kommunen rydda i områder innanfor randsonene til Forollhogna villreinområde. Med unntak for dei tre planområda Gammelvollia II, Brudal II og Hundåslåtten som er til handsaming i departementet, har kommunen teke ut nær alle ikkje utbygde tomter i randområda og kompensert dette i andre områder utan konflikt med villreinsyn. Dette er

positivt, og inneber at talet på tilgjengelege tomter for fritidsbustader ikkje er vesentleg redusert.

Sett i samanheng med den store tomtereserven for fritidsbustader som finst i kommunen, vurderer departementet at dei 17 nye tomtene i detaljreguleringa for Gammelvollia hyttefelt II, saman med dei 18 nye tomtene i dei to andre planane departementet har til avgjerd, vil ha avgrensa positiv innverknad på lokal verdiskaping gjennom hyttebygging. Samstundes kan moglegheitene for nye fritidsbustader som ligg i desse planane gje store negative verknader for villreinen i Forollhogna. Nødvendigheita av å sjå alle inngrep samla gjennom kommuneplanens arealdel er framheva i den regionale planen for Forollhogna, då ein i enkeltplanar ikkje kan sjå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Ut frå ei vurdering etter naturmangfaldlova § 10 sitt prinsipp om samla belastning finn Kommunal- og distriktsdepartementet at det i denne saka må leggjast stor vekt på omsynet til villrein, og at dei 17 nye tomtene difor bør takast ut av detaljreguleringa for Gammelvollia hyttefelt II.

Når det gjeld tilrådinga om å ta ut dei 27 attverande ubebygde tomtene i planen, så har dette ikkje vore ein del av kommunens planforslag og høyringa av forslaget. Departementet finn difor ikkje at det er grunnlag for å imøtekomme tilrådinga som ein del av motsegns- handsaminga. Departementet vil likevel oppmode å gjennomføre ein prosess med sikte på å ta desse tomtene ut av planen, i tråd med dei faglege råda frå statsforvaltaren og dei særskilde retningslinjene for Mellomriksen-området i den regionale planen.

For dei attverande tomtene innanfor Gammelvollia hyttefelt II finn departementet det naudsynt å endre planføresegna slik at det ikkje tillatast sær store hytter med tilnærma bustadstandard. Endringane inneber at største tillate bygd areal på kvar tomt blir sett til totalt 120 m<sup>2</sup> BYA. Dette er det same som i Brudal hyttefelt II som òg ligg i Mellomriksen-området.

Departementet rår samstundes kommunen til å vurdere om maksimal storleik på dei eksisterande hyttene innanfor Gammelvollia hyttefelt II bør settast til 75 m<sup>2</sup> BYA. Dette vil vere i samsvar med føresegna som er gitt i kommuneplanens arealdel 2019-2031 for randområda til Forollhogna villreinområde.

### *Konklusjon*

Kommunal- og distriktsdepartementet har etter ei samla vurdering kome til at forslaget om å legge til rette for 17 nye tomter i Gammelvollia hyttefelt II ikkje vert godkjend. I tillegg endrar departementet planføresegna, slik at tillate bygd areal på dei attverande tomtene blir 120 m<sup>2</sup> BYA. Kunnskapen om villreinens sårbarheit knytt til fritidsbustader og ferdsel gjer at det må leggjast avgjerande vekt på omsynet til dei nasjonale villreininteressene i denne saka. Gammelvollia hyttefelt II ligg i Mellomriksen-området, i direkte nærheit til kalvingsområde, heilårsbeite og trekkområde for villreinen, kor den regionale planen for Forollhogna villreinområde har særleg restriktive retningslinjer for ny hyttebygging. Vidare hyttebygging i dette området vil etter departementet si vurdering kunne føre til vesentlege ulemper for villreinen og svekke sjansane for ein god overleving og utvikling for villreinen i Forollhogna villreinområde.

Motsegna til detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II er med dette tatt til følgje.

## Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-13 andre ledd godkjenner Kommunal- og distriktsdepartementet detaljregulering for Gammelvollia hyttefelt II, vedteke av kommunestyret i Midtre Gauldal kommune 1. desember 2022, med følgjande endringar:

- forslag til 17 nye tomter for fritidsbustader (T\_7, T\_8, T\_9, T\_14, T\_17, T\_19, T\_20, T\_21, T\_22, T\_23, T\_24, T\_25, T\_34, T\_35, T\_39, T\_44 og T\_47) takast ut av planen.
- planføresegna endrast slik at maksimalt bygd areal på attverande tomter er 120 m<sup>2</sup> BYA.

Midtre Gauldal kommune er orientert om vedtaket gjennom kopi av dette brevet. Kommunen må gjere dei naudsynte endringane i planen.

Det kan ikkje klagast på departementet sitt vedtak, jf. plan- og bygningslova § 12-13, siste ledd. For kunngjering av vedtaket gjeld plan- og bygningslova § 12-12 andre ledd.

Med helsing



Erling Sande

Kopi

Klima- og miljødepartementet  
Midtre Gauldal kommune  
Miljødirektoratet  
Trøndelag fylkeskommune